



Biskopen oppmodar alle kyrkjelydar i Stavanger bispedømme til å bli med på den nasjonale solidaritetsaksjonen «Saman som kyrkje i verda» til støtte for våre søsken i andre deler av verda ved å gi ein ekstra gave.

Solidaritetsaksjonen går frå pinse til jonsok.

I denne solidaritetsaksjonen arbeidar vi saman med dei andre bispedøma i Noreg for å støtte organisasjonane i [Samarbeid Menighet og Misjon](#) (SMM). Organisasjonane er til stades i nokre av dei landa som er hardast råka av pandemien. Gjennom sitt nettverk har dei heilt andre føresetnader enn oss i Noreg til å møte nauda i form av eit viktig diakonalt hjelpearbeid. På denne måten er vi med å gjere ein skilnad i over 40 land.

Kyrkjelyden må gjere to ting for å bli med i aksjonen:

1. Registrere kyrkjelyden [her](#) (*det er ei enkel registrering*):
2. Bidra. Her er tre døme på korleis bidra:
 - a) gjennom kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt – ekstra bidrag
 - b) ekstra offer/kollekt til valfri SMM-organisasjon.
 - c) andre tiltak: misjonsløp, basar, utsal mm til inntekt for valfri SMM-organisasjon.

Meir informasjon om aksjonen finn de i vedlegget som fyljer dette brevet eller heimesida for [Stavanger bispedømme](#)

For konsultasjon og rådføring vedrørande aksjonen kan ein ta kontakt med misjonsrådgjevar Bjarte Øen på bo423@kirken.no.

Pinse er den verdsvide kyrkja si høgtid. Ei høgtid der festen, gleda, fellesskapet og samhaldet blir løfta fram. Det er ei høgtid der vi kan kjenne at vi høyrer til. Ei høgtid der Guds ande blir gitt til kvar den som trur, til alle som høyrer til i den store familien av truande – her i Noreg og over heile verda.

I år er vår familie hardt råka. Korona-pandemien går ut over oss alle, men særleg «desse mine minste»; menneske som frå før manglar det meste. Våre søsterkyrkjer lid. Ja, pandemien har snudd våre liv på hovudet, både her heime og internasjonalt, og våre søsterkyrkjer rapporterer: «*Mareritta våre er blitt verkelege.*»

Men «*om eit lem lid, lid alle dei andre med. Og om eit lem blir hedra, gledar alle dei andre seg.*» Vi er alle råka, og likevel er det nokon som er råka hardare enn andre. Vi kan ikkje sitje og sjå på at dette skjer utan å gjere noko. La pinsen 2020 bli ein pinsefest der vi viser våre søsterkyrkjer at vi høyrer saman.

Om alle kyrkjelydane i Stavanger gjer litt, blir dette til saman eit løft for kyrkjer i heile verda. Takk for at vi kan stå saman i denne tenesta og lykke til med aksjonen!

Anne Lise Ådnøy
Biskop

Liv Heidrun Skaar Heskestad
Leder bispedømmerådet